

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 03.11.2023
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Guro Vik Kvalsund
SAKA GJELD: **Status lærlingar**

ARKIVSAK: 2023/103
STYRESAK: **072/2023**

STYREMØTE: **23.11.2023**

Administrerende direktør si orientering pkt. 4

Oppsummering

Per november 2023 har Helse Førde 23 lærlingar innan fire fagområde. Føretaket tek imot helsefaglærlingar etter planen som vart lagt i 2018. Opptak av lærlingar er relativt stabilt, men på grunn av at nokre avsluttar eller tek permisjon vil talet på lærlingar likevel variere.

Fakta

Helse Førde har eigne lærlingar innan følgjande fagområde:

- ambulanse
- kokk
- portør
- helsefag

I tillegg tek føretaket imot lærlingar frå kommunane for praksis i føretaket. Dette gjeld helsefaglærlingar.

Tal lærlingar i Helse Førde per november 2023:

TOTALOVERSIKT TAL LÆRLINGAR I HELSE FØRDE

ÅRSTAL	TAL LÆRLINGAR
HAUST 2023	23
HAUST 2022	25
VÅR 2022	26
HAUST 2021	25
VÅR 2021	26
2020	30
2019	24
2018	24

Oversyn over lærlingar og avlagde fagprøver i Helse Førde 2018 - 2023

Tabellen under syner status no og utviklinga frå 2018.

Fag	Årstal	Tal oppmeld til fagprøve
Ambulanse	2023	3
	2022	6
	2021	6
	2020	10
	2019	16
	2018	19
Kokk	2023	0
	2022	0
	2021	0
	2020	1(+1 kompetansebevis)
	2019	0 (+1 kompetansebevis)
	2018	1
Portør	2023	1
	2022	1
	2021	1
	2020	0
Helsefag	2023	5
	2022	1
	2021	3
	2020	0
Kontorfag	2023	1
	2022	1
	2021	0
	2020	0

Status for det siste halvåret:

- **Ambulanse:** Ti ambulanse-lærlingar. Tre av lærlingane gjekk opp til fagprøve vår-23.
- **Kokk:** Ein lærling.
- **Portør:** Ein lærling starta i august 2023. ERin lærling gjekk opp til fagprøve mai-23.
- **Helsefaglærlingar:** Elleve lærlingar. Fem gjekk opptil fagprøve gjennom vår/sommar -23. Vi opplevde eit høgt tal søkjarar for 2023, og ønskte å tilsette fleire enn tidlegare. Likevel vart det berre tilsett fem nye. Årsakene var fleire; Nokre takka nei pga. ønskje om å gå vidare på skule, andre hadde alt takka ja til læreplass andre stader.
- **Lærling kontorlag:** Ein YSK-kandidat innan kontorlaget gjekk opp til fagprøve vår-23 (YSK – yrkes- og studiekompetanse).

Kommentarar

Det har vore jamt opptak av seks nye lærlingar kvart år både i ambulanse og helsefag, ein på portør og null/ein på kokk.

Alle lære kandidatane som vart oppmelde til fagprøve, har bestått med resultat bestått eller bestått mykje godt.

Styringsdokumentet legg føringar for at helseføretaka legg til rette for å ta i mot lærlingar innan fagområde som er viktige for drift av sjukehus og aukar tal helsefaglærlingar framover. Arbeidet med korleis auke talet på helsefaglærlingar i Helse Førde er i gang.